

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5

SEPTEMBER 1988

42. årg.



BERGSDALSKYRKJA

SJÅ BILETE FRÅ BERGSDALSSTEMNA INNI BLADET

NATTVERDEN

— LENGSELENES BORD

Ja, de lengtende har ligget meg på hjertet. Iblant minner jeg dem om at også Jesus lengtet etter å duke dette bord... "Jeg har hjertelig lengtet..." Skulle da ikke lengslene, hans og våre, kunne møtes her? For han lengter jo fremdeles etter å se oss som sine gjester.

Det er mange grunner til at de som lengter ikke går frem. Enkelte gruer seg for den bekjennelse som ligger i det. De skulle bare vite hvor mange de ville glede, glede storlig.

Men mange lar være fordi følelsen av uverdighet er så stor. Og slike er ikke lette å hjelpe. De får liksom aldri tak i at nattverdbordet er de uverdige bord. Og kan Gud våge å invitere de uverdige, så får vi våge å gå. Men kommer lengtende av denne typen til å gå, så er det i hvert fall sikkert at de aldri kommer til å gå av vane.

Men må jeg hilse alle som lengter med en hilsen fra Mesteren selv, fra verten ved nattverdsbordet: "Jeg har hjertelig lengtet å ete dette påskelam med dere." Den samme lengsel har han ennå. Enn om dere nå møttes - ved bordet?

ARNE PRØIS
(Frå boka: Visitt over gjerdet)



Vi noterer oss

Vaksdal:



Barneforeininga Solglimt

SOLGLIMT startar igjen etter ferien i Prestebustaden mandag 29. august kl. 16.30 -18.

Vi byttar dag frå tysdag til mandag, for tysdag har så mange andre aktivitetar.

Vi samlast kvar 14. dag framover hausten.

På samlingane har vi andakt, song, forming, ei lita utlodding (pengane går til materiale), kos av og til, og mykje meir.

Kom og ver med oss, både gutar og jenter 6-12 år. Alle er velkomne!

Ein eller to vaksne medhjelparar til praktisk arbeid treng vi også.

Så velkomne både born og vaksne! Foreininga arbeider for Misjons-selskapet og Santalmisjonen.

Helsing leiarane
(59 73 40 / 59 71 09)

DALE ROCK PRESENTERER

BJØRN EIDSVÅG

i Dale Kyrkje søndag 16. oktober kl. 18.00

Med sin siste LP "VERTIGO" slo Bjørn endelig fast at han ligger et artisthode foran alle andre i sitt felt. Platen er spekket med eidsvågske perler.

Bjørn har turnert siden utgivelsen, og idrettshaller og konserthus er fullere enn noen gang tidligere. Etter over 40 konserter, og flere TV-opptredener kan Bjørn således se tilbake på et hektisk halvår.

ENDELIG HAR DET LYKKES DALE ROCK Å FÅ BJØRN TIL DALE.



Takk til Prost Østveit

Prost Augun Østveit har avslutta tenesta si som prost i Hardanger og Voss Prosti.

Han har aldri spara seg. Og sjølv om Vaksdal berre er ein av plassane i det vide distriktet hans, har han vitja oss ofte og vore både positiv og hjelpsam. Gjennom si solide forkyning har han fått mange vener her i Vaksdal.

Vi takkar for alt det han har gjeve oss og ynskjer lukke til med pensjonisttilveret.



Takk for hjelpa!

Vi vil rette ein STOR takk til Reidun Takvam, som har gjort ein framifrå innsats for Kyrkjebladet, medan bladstyraren har hatt permisjon.

Ny medarbeidar

Vi seier velkomen til REIDUN LAASTAD DYVIK som ny medarbeidar i kyrkjelydane. Ho skal ha ansvar for konfirmantundervisninga for Dale, Stanghelle og Bergsdalen.

Vi ynskjer lukke til og Guds signing over ei stor og viktig teneste!

Aksjonsveke i Bergsdalen

Også i år vert det aksjonsveke i Bergsdalskyrkja. Leiv Nesheim og Arnfin Nøsterud talar på møtene 4.-9. oktober.

Moseshuset

Ungdomsklubben held fram torsdøgene 19.30-21.30.

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin fridag!



SLÅ PÅ TRÅDEN
eller send meg nokre ord om du har stoff til neste nummer.
Frist for innlevering av stoff er 7. oktober.

Tove Margrete

AAN rådgjeving for gravide

Dei som går med born og er i ein vanskeleg situasjon, kan no få hjelp ved eit nystarta kontor i Bergen. AAN tyder "Alternativ til abort, Norge." Dei gjev rådgjeving og praktisk hjelp. Adressa er Strandgaten 6. Telefon 32 56 77

50- årskonfirmantar på Vaksdal

Vel møtt i Vaksdal kyrkje 2. okt. alle de som vart konfirmerte på Vaksdal 25. sept. 1938!

Det heile tek til med gudsteneste kl. 11.00. (Møt opp i god tid, så får de tid til å helsa på kvarandre før gudstenesta tek til.) Etterpå vert det samkome i Bedehuset.

Desse vart konfirmerte i 1938:

Olav Rasmussen
Jakob Johannesson Boge
Magne Magnesson Bolstad
Otto Martin Eilifsen
Alfred Kristian Audestad
Jakob Jakobsen
Jakob Kalleklev
Harald Alvin Hansen
Robert Artur Rødberg
Nils Gotskalk Nipen
Astrid Dordi Stürtzel
Gerda Skulstad
Edith Sæterdal
Margot Sæterdel
Ruth Krogsrud
Marith A. Faugstad
Inga A. Hanevik
Edith O. Langhelle
Margit M. Hovde
Astrid N. Tolås
Kirsten Marie Eriksen
Else N. Johnsen Løtvedt
Doris Pettersen
Ingeborg Anny Sæterdal
Lorense Konstanse Skålvik
Oliva Konstanse Skulstad
Kirsten Dagmar Sætre
Solveig Johanna Ulevik
Ellen Kristoffersen

KIRKENS SOS



Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med?
Ring 23 30 80. Apent hver dag fra kl. 19.00 til 07.00

Kor vil Gud bruka meg ?

Det er diverre mange stillingar i kyrkjelydane våre der ein manglar folk. Desse tenestene er viktige. Det er jo ikkje berre presten som trengst for å gjennomføra ei gudsteneste eller andre kyrkjelege handlingar. Likevel har det vore vanskeleg å få nokon til å ta på seg desse viktige og gjevande oppgåvene.

Kan hende dette er ein plass du kan fylla? Er det her Gud vil at du skal bruka litt av tida di?

For nærare opplysningar kan du ta kontakt med soknerådsformenn eller prestar.

Desse stillingane er ledige:

RINGJAR I EKSINGEDALEN

KLOKKAR I EKSINGEDALEN

Kontakt Malena Eriksen (59 58 40)

KLOKKAR PÅ VAKSDAL

Kontakt Kjell Arne Norum

(59 70 88)

KYRKJETENAR I BERGSDALEN

Kontakt Per Småbrekke (59 89 68)

KYRKJETENAR PÅ DALE (blir ledig)

Kontakt Lasse Vassenden (59 60 35)

Velkomen til

barnelag og yngres

Vi har samling annakvar veke.

Datoane for dei første samlingane er:

VAKSDAL BEDEHUS

Barnelag, tysdag 6. sept. kl.16.30

Yngres, tysdag 6. sept. kl.18.00

STANGHELLE BEDEHUS

Barnelag, onsd. 31. aug. kl.16.30

DALE FORSAMLINGSHUS

Barnelag, onsd. 7. sept. kl.16.30

Yngres, onsd. 7. sept. kl. 18.00

EIDSLANDET

LILJEKONVALLEN

Yngste, mand. 5. sept. kl.16.30

Eldste, mand. 5. sept. kl. 18.00

Helsing Reidun Skurtveit



BARNESIDE



HO VAR SÅ GLAD I JESUS

Jesus var komen til Betania. Der laga venene hans til selskap for han. Maria hadde ei krukke med dyr, fin salve. Den var ho veldig glad i. Det tok lang tid å tena nok pengar til å kjøpa noko slikt. No henta ho salven og slo den ut over føtene til Jesus. Etterpå tørka ho føtene med håret sitt. Det kom god salvelukt i heile huset. Folket som var der syntes at Maria ikkje skulle spandert den dyre salven på Jesus. Men Jesus forstod kvifor Maria gjorde dette og Jesus vart glad. Jesus visste at Maria gjorde dette fordi ho var så glad i han. Denne forteljinga står i Johs. 12. Be Jesus om å hjelpa deg til å bli så glad i han at du vågar å visa andre at han er din beste ven.

Her er ei lita arbeidsoppgåve:

Slå opp bibelorda og skriv rett tal i rundingane!

1. Mark. 16. 1-8
2. Johs. 6.5-15
3. Matt. 14. 22-33
4. Luk. 19. 1-10



Dersom du ikkje kan lesa, ser du gjerne kva forteljing det er. Kanstje du har lyst å fargeleggja dei?

Reidun Skurtveit.



GLIMT FRÅ BERGSDALSSTEMNA, SOM GJEKK FØRE SEG I TRADISJONELL STIL. DET VAR FAMILIEGUDSTENESTE V/MEIDELL OG SONG AV LEIDULF ALMENNING. ETTER MATØKTA VAR DET LEIKAR PÅ SKULEPLASSEN, OG ETTERMIDDAGSMØTE MED TALE AV ARTHUR BERG OG SONG AV LEIDULF ALMENNING.

På biletet til venstre ser vi sokneprest Meidell, Arthur Berg, Leidulf Almenning og Per Småbrekke.



Alfhild Berge serverte dravle, som fall i smak både hjå store og små.



Ønskjer du hjelp til å

- aktivisere barnet ditt på ein meningsfylt måte?
 - stimulere barnet til ei allsidig og rik utvikling?
 - hjelpe barnet til å få eit tillitsfullt forhold til Gud?
- Da kan du få hjelp gjennom . . .



eit tilbod som veks med barna

- 3 pakkar i året
- Innhaldet høver til alderen og behovet til barnet
- I kvar pakke: foreldrerettleiing og tre–fire ting til barnet
- Vel mellom nynorsk- og bokmålsutgåve
- Pris pr. år: 360 kr (gjeld tinging og betaling i 1988).

Til **td-førlaget**

Postboks 173
1430 ÅS
Tlf.: (09) 94 37 60

0-6 år

Eg melder eit barn som **tripp trapp**-medlem:

(Fyll ut med trykte bokstavar)

Barnet heiter: _____
etternamn evt. mellomnamn alle fornamn

Fødd den: _____
 gut jente

Adresse: _____
gate/veg/postboks nr. postnr. poststad

Barnet bur i _____ kyrkjelyd

Trykt materiell i pakkane skal vere på bokmål nynorsk

Send betalingskrav til underskrivne:

_____ etternamn fornamn

_____ gate/veg/postboks nr. postnr. poststad

_____ stad dato underskrift
(person over 18 år)

Eg er

- far/mor
- fadder
- bestefar/bestemor
- annan slektning
- venn av familien
- kyrkjelyd
- anna



KONFIRMANTANE I EIDSLANDET KYRKJE SAMAN MED RES. KAP. NORUM
NINA Y. VAKSDAL, KARIANNE NESET,
HELGE MØSTER, MONICA MYSTER



KONFIRMANTANE I NESHEIM KYRKJE SAMAN MED SOKNEPREST MEIDELL
LISE BEATE BREKKHUS OG ANNE KARIN GULLBRÅ

SLEKTERS GANG

Døpte



DALE

26.06 Hege Sandnes
26.06 Lill-Kjersti Nottveit
26.06 Christin Tolås Wefring
10.07 Caroline Holen Otterstad
20.08 Line Kvamme Rødland
21.08 Ruben Johansen
21.08 Christine Seim
21.08 Roy Steinsland
21.08 Maria Alvheim
21.08 Elin Svensson

BERGSDALEN

05.06 Bjarte Pettersen

EIDSLAND


19.06 Alva Eilein Bolstad Eikefet

STAMNES

03.07 Runar Brekkhus
03.07 Morten Langeland Tysse
03.07 Kjetil Langeland Tysse
03.07 Silje-Mari Kallestad Hagen

VAKSDAL

12.06 Magnus Hanevik
12.06 Merethe Iversen
03.07 Helene Thom Fosse



Vigde



BERGSDALEN

25.06 Sissel Hesjedal og
Alf Harald Kjelle vold
02.07 Olaug Fagerbakke og
Helge Terje Fosse

STAMNES


04.06 Else Marie Dyvik og
Kjell Atle Gullbrå
18.06 Unni Møster og
Terje Simmenes
18.06 Heidi Møster og
Helge Grenasberg
25.06 Anngunn Marie Gullbrå og
Svein Dortin Viken

DALE

20.08 Ingunn Kvamme og
Arve Martin Rødland
20.08 Siri Jamne og
Stig Henning Vik

VAKSDAL

25.06 Liv Marit Straume og
Ove Amundsen
30.07 Kirsten Elisabeth Glensager og
Rune Dahle




Avlidne



VAKSDAL

04.06 Anna Herfindal f.1897
13.06 Andreas Sæterdal f.1884
03.07 Nils Frotveit f.1901
09.08 Sigvald Stokke f.1907
14.08 Knut Andreas Knutsen f.1897



DALE

29.05 Albert Martin Dale f.1908
07.06 Johannes Størk Rio f.1900
14.06 Magnhild Øye f.1903
14.06 Ingolf Dale f.1920
21.06 Solveig Hesjedal f.1913
26.06 Leif Ekanger f.1909
04.07 Johannes Dankertsen f.1912
05.07 Olav Rongen f.1928
17.07 Halle Fadnes f.1912

STAMNES

15.07 Anders Øye f.1896



FRÅ KONFIRMASJONEN I BERGSDALEN
RES. KAP. NORUM SAMAN MED KONFIRMANTANE HENRIK BREKKE OG NINA HAGA

VELKOMEN TIL KYRKJE

11.september - 16.sundag etter pinse

VAKSDAL kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.

NESHEIM kl.11.00 v/Norum.Konf.pres.

BERGSDAL kl. 16.00v/Meidell.Konf.pres.

EIDSLAND kl. 17.00 v/Norum.Konf.pres.

18.september - 17.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 v/Meidell.Konf.pres.

Laurdag 24.september

NESHEIM kl.20.00 Dore og Målfrid Lavik.
Offer til NLA.

25.september - 18.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 Arnfinn Norheim og
sp.Meidell.Nattverd.Offer til NLA.

STAMNES kl.11.00 v/Norum.Konf.pres.

EKSINGEDALEN kl.11.00 Dore og Målfrid
Lavik.Offer til NLA.

EIDSLAND kl.16.00 Dore og Målfrid
Lavik.Offer til NLA.

VAKSDAL kl.18.00 Arnfinn Norheim.
Offer til NLA.

STANGHELLE kl.18.30 Reidun Skurtveit.
Offer til NLA.

2.oktober - 19.sundag etter pinse

VAKSDAL kl.11.00

50 års konfirmantar. Nattverd.

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/Meidell.

9.oktober - 20.sundag etter pinse

NESHEIM kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.

BERGSDALEN kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

16.oktober - 21.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 Fam.gudst.v/Norum.
Barnas Kyrkjebok til 4 åringar.

STAMNES kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.



23.oktober - 22.sundag etter pinse

VAKSDAL kl.11.00 Fam.gudst.v/Meidell.
Barnas Kyrkjebok til 4 åringar.

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/Norum.Nattv.

Har du bil?

Ta andre med deg
når du køyrer til
kyrkje!!!



KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda

Bladpengar: kr. 50,-

Postgiro 5 72 34 73

Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete

Nordmark, Bøge,

5270 Vaksdal

tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen,

Bøge, 5270 Vaksdal

tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese

tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese